

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/9882-1

Godkjenning av fylkestingsvalet 2015

Fylkesordføraren rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget finn at fylkestingsvalet for 2015 i Sogn og Fjordane er gyldig.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Valprotokoll for fylkesvalstyret av 16.09.16

SAKSFRAMSTILLING

Ifølgje kommunelova § 17, nr. 2, skal fylkestinget som første sak i det konstituerande møtet ta stilling til om fylkestingsvalet er gyldig, jf. også vallova § 13-4 (1).

Fylkesvalstyret godkjende i møte 18.09.15 møteboka med valoppgjeret for fylkestingsvalet i Sogn og Fjordane 2015. Valprotokollen ligg på fylkeskommunen sine heimesider under «Politikk», «Oppsummering fylkestingsvalet»:

<http://www.sfj.no/getfile.php/3149162.2344.eefyydxtps/M%C3%B8tebok+fylkesvalstyret+2015.pdf>

Fylkesordføraren rår fylkestinget til å godkjenne valet. Det har ikkje kome inn klage på førebuinga og gjennomføringa av valet etter vallova § 13-2. Det er heller ikkje funne feil som kan ha hatt noko å seie for mandatfordelinga mellom listene, jf. vallova § 13-4 (2).